



Bent Nybøe
Mjåtveitmarka 7
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1493 - 14/4641

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
27.03.2014

Motteke merknadar til vedtak om ferdigattest tilknytt omsøkt veg- vass- og avlaupsanlegg på gbnr. 22/26 m.fl. i Meland kommune

Det vert vist til Dykkar brev til Meland kommune innstempla 3.10.2013 og tilhøyrande brev frå Meland kommune til Byggmester Knut Henanger (ansvarleg søkjar) dagsett 10.1.2014.

På bakgrunn av ovannemnde korrespondanse har administrasjonen gjennomgått byggjesaka på nytt og halde eit etterfølgjande møte med tiltakshavar v/ Helge Henanger.

Byggjearbeida De har vist til i Dykkar brev er etter kva kommuneadministrasjonen kan sjå ikkje omfatta av korkje søknad eller ferdigattest tilknytt det aktuelle byggjetiltaket på gbnr. 22/26 m.fl., men i staden på gbnr. 22/190. På bakgrunn av opplysningar frå ansvarleg søkjar og tiltakshavar – i høvesvis søknad om ferdigattest innstempla 2.10.2013 og i møte mellom tiltakshavar og kommunen 23.1.2014 – finn administrasjonen vidare at arbeida som vart omsøkt på gbnr. 22/26 m.fl. i 2008 er utført i samsvar med kommunen sitt vedtak om byggjeløyve av 6.4.2011.

I nemnde møte med kommunen stadfesta tiltakshavar at byggjearbeida De har vist til i Dykkar brev ikkje er omsøkte, ettersom både tiltakshavar og veglaget legg til grunn at arbeida på den aktuelle delen av vegen ikkje er omfatta av Plan- og bygningsloven sin søknadsplikt, jf. pbl. kap. 20. Tiltakshavar har dertil opplyst at dei vurderer Dykkar brev til i realiteten å gjelde privatrettslege forhold tilknytt m.a. vegrett, korleis veglaget skal utbedre den aktuelle vegsrekningen og eventuell kostnadsfordeling i samband med slike arbeider.

Administrasjonen reknar på denne bakgrunn byggjesaka om veg- vass- og avlaupsanlegg på gbnr. 22/26 m.fl. som avslutta, jf. vedtak om ferdigattest av 24.10.2013. Dersom De likevel meiner at det er utført ulovlege byggjearbeider – enten på den omsøkte eigedomane eller på gbnr. 22/190 – må De eventuelt melde dette inn til kommunen som eit mogleg ulovleg byggjetiltak. Administrasjonen

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

vil i så tilfelle ta stilling til om det er utført søknadspliktige tiltak utan naudsynt løyve. Det vert samstundes gjort merksam på at kommunen som utgangspunkt ikkje har heimel til å ta stilling til privatrettslege forhold tilknytt den aktuelle vegen, jf. pbl. § 21-6.

Dette til orientering.

Med helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggmester Knut Henanger ENK

Orrøyflaten 3

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Bent Nybøe
Lars Hille

Mjåtveitmarka 7 5918
Mjåtveitmarka 9 5918

FREKHAUG
FREKHAUG